



STRAND KOMMUNE

Retningslinjer for kunst i kommunale bygg og uterom i Strand kommune 2020-2024

Vedtatt 05.02.2020 i formannskapet i Strand kommune

1. Grunnlag

1.1. Føremål

Retningslinjer for kunst i offentlige bygg og uterom skal vere med å gje ein heilskapleg estetisk forming av offentlege rom i Strand. Det skal leggast til rette for kunstopplevingar for alle innbyggjarane i kommunen i deira møte med kommunale bygg og uterom. Kunst i kommunale bygg og uterom er med å skapa eit trivlegare miljø for dei som arbeider i og dei som vitjar offentlege bygg.

1.2. Definisjon

Kunst i kommunale bygg og uterom kan vere alle typar visuell kunst, kunsthåndverk eller elektronisk kunst, permanent eller temporær, frittstående eller som integrert del av ein bygning eller eit uterom.

1.3. Aktuelle bygg og uterom som kjem inn under denne ordninga

Kunst i bygg og uterom skal sjåast på i samanheng med den overordna kommuneplanlegginga. Ordninga gjeld for alle kommunale bygg og anlegg som er eigd av kommunen eller der kommunen er part i et eigarfellesskap. Større prosjekt som er knytt til bygningar og uterom der mange menneske ferdes, arbeider eller oppheld seg skal prioriterast. Ordninga gjeld kommunale kulturbygg, skuler, barnehagar, idrettsanlegg, offentlige uterom som parker og torg, sosiale institusjonar, bustadsanlegg og administrasjonsbygg. Andre anlegg kan og verte vurderte.

1.4. Kriteria for val av kunst

Ved val av kunst til kommunale bygg og uterom skal ein jobbe for:

- at kravet til kunstnarisk kvalitet vert eit overordna omsyn.
- at kunsten er tilpassa staden sin karakter og kva funksjon den har.
- at det vert teke omsyn til brukarane sine interesser og medverking.

1.5. Økonomi

I samband med handsaminga av den årlege økonomiplanen skal det årleg avsettast minimum 0,2 % og inntil 0,5 % av totalt brutto investeringsbudsjett for nybygg, torg, idretts- og parkanlegg, til kunst i offentlege bygg og uterom. Dette vert sett inn på eit kunstfond. Ein kan nytta desse midlane til samarbeidsprosjekt eller til finansiering saman med private eller andre offentlege finansieringskjelder. Ein kan søke Kunst i Offentlige Rom (KORO) om ekstra økonomisk støtte i dei høve kor dette er aktuelt. I tillegg til denne avsettinga skal det kvart år settast av driftsmidlar til vedlikehald av kunstobjekta, dersom eit slikt vedlikehald er naudsynt.

2. Organisering

2.1. Kunstutval

Levekårsutvalet er det hovudutvalet som avgjer i saker som gjeld kunst i det offentlige rom. Det vert sett ned eit kunstutval som skal følge med på at retningslinjer for kunst i kommunale bygg og uterom vert følgt opp. Utvalet forvaltar budsjettet og fordeler midlar til kunstprosjekt i bygg og uterom, og er komité ved utval av kunst til dei ulike prosjekta. Ein kortfatta handlingsplan for føreståande kunstprosjekt vert lagt fram for Levekårsutvalet.

Strand kommune sitt kunstutval har følgjande faste medlemmer:

1. Ein politisk representant som vert utpeikt av levekårsutvalet ved byrjinga av kvar nye valperiode.
2. Ein representant frå kulturkontoret
3. Ein representant frå Bygg og Eiendom

Følgjande medlemmer vart utpeikt til kvart prosjekt:

To representantar frå brukarane av det aktuelle bygget/anlegget:

Som hovedregel skal kunstutvalet og ha med ein kunstkonsulent oppnemnd av Bildende Kunstneres Forening Rogaland BKFR/Norske Kunsthåndverkere Rogaland NKV.

Arkitekt bør innkallast til møter i kunstutvalet ved behov. Arkitekt har stemmerett og må vera med i møter der det vert tatt viktige avgjersler.

Kunstutvalet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar på første møte.

Representant for kulturkontoret innehar rolla som sekretariat og innkallar til første møte.

I situasjonar der kommunen har fleire ulike utbyggingsprosjekt parallelt, som krev ulike brukerrepresentantar, kan kunstutvalet organisere seg slik dei meiner det er mest praktisk, enten ved å todele møta, ha separate møter for dei ulike prosjekta, eller å slå saman kunstdelen av prosjekta og behandle dei med alle brukarrepresentantane.

I samband med kunstprosjekt kor ein søker om midlar frå KORO må kunstutvalet vere sett saman i høve til statlige retningslinjer. Ved konkurranse er kunstutvalet jury. Avgjerslene i kunstutvalet vert fatta med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal har kunstnarisk konsulent dobbeltstemme.

2.2. Kunstnarisk konsulent

I kunstprosjekt skal kommunen som hovedregel engasjere ein kunstnarisk konsulent, vanlegvis i samarbeid med Rogaland Kunstsenter. Den kunstnariske konsulenten har følgjande oppgåver:

- Fungera som kunsthøgskole representant i dei ulike prosjekta.
- Har ansvar for å orientere kunstgruppa sine medlemmer om kva slags kunstnariske uttrykk og teknikkar som vil være egna i dei ulike kunstprosjekta.
- Komme med forslag til val av utførande kunstnar/-ar, som bør underbyggast med dømer frå den aktuelle kunstnaren sin produksjon.
- Har ansvar for at kunstprosjektet vert gjennomført i samsvar med godkjent kunstplan.
- Fungere som kontaktperson for utførande kunstnar/-ar, og bindeledd mellom utførande kunstnar/-ar og oppdragsgivar i prosjektperioden
- Har ansvar for at naudsynte rapporter og dokumentasjon vert levert til oppdragsgivar ved slutføring av kunstprosjektet.
- Arbeide fram eit forslag til ein kunstplan for kunstutvalet.

Ved fastsetting av honorar til kunstnarisk konsulent er KORO sine satsar retningsgivande.

2.3. Kunstplanen

Kunstplanen skal innehalde plassering av kunstverk, forslag til kunstnarane og type kunst, budsjett, finansieringsplan, framdriftsplan i tråd med KORO sitt standardiserte oppsett. Planen skal ligga føre på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, helst før bygginga vert sett i gang. Kunstplanen skal godkjennast av kunstutvalet.

2.4. Utførande kunstnar/-ar

Kunstplanen skal gjere greie for måten ein går fram ved val av kunstnar. Framgangsmåten vil mellom anna vere avhengig av økonomiske rammer og kor langt byggeprosjektet er kome.

Val av utførande kunstnar kan skje på følgjande vis:

- Direkteoppdrag til kunstnar
- Lukka konkurranse kor fleire kunstnarar konkurrerer om et gitt kunstprosjekt.
- Open konkurranse om et gitt kunstprosjekt.
- Kjøp av ferdige kunstverk frå galleri, andre kunstformidlingsinstitusjonar, eller i særskilte høver ved kjøp direkte frå kunstnar.

Kunstnar vert honorert, og beløpet vert utbetalt i to eller tre terminar etter avtale med kunstnar. Kunstnar er pliktig til å utføre kunstprosjektet etter godkjente skisser. Kunstnaren sine pliktar skal definerast i kontrakten. Ved slutføring av prosjektet og før siste del av honoraret vert betalt ut skal kunstnar levere oppdragsgivar dokumentasjonsskjema samt dokumentasjon i relevant format (foto eller liknande).

Val av kunstnar skal dokumenterast skriftleg i høve til Lov om offentlige anskaffelser.

Kunstnaren har ansvar for forsikring fram til overtakinga er gjennomført.

Regelen om å hente inn honorerte skisseutkast kan fråvikas om beløpet som er sett av til kunstprosjektet er svært låg. Det kan då vere enklare å peike ut ein kunstnar til å utarbeide eit skisseforslag, eller ein kan kjøpe inn eksisterande kunstverk.

3.2. Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Det må kartleggast kva slags påverknader gjennomføringa av kunstprosjektet får på HMS i byggeprosjektet. Kunstprosjektet bør passas inn i HMS-planen for byggeprosjektet.

3.3. Slutføring av kunstprosjekt

Ved slutføring av et kunstprosjekt kallar kunstutvalet inn til overtaking med ettersyn av kunstprosjektet. Det skal føres protokoll over overtakinga med kven som er til stades, manglar som måtte påvisast, frist for utbetring av påviste manglar og om kunstverket vert overteke eller vert nekta overteke. Siste tredjedel av honoraret til kunstnar vert betalt ut når kunstverket er overtatt. Når kunstverket er overtatt har ikkje kunstnar ansvar for forsikring lenger. Kunstnar skal levere inn eit dokumentasjonsskjema med grundig skildring av kunstverket, og instruksjer for vedlikehald. Saman med skjemaet skal det leverast inn dokumentasjon av verket i relevant format.

3.4. Skade og vedlikehald

Aktuell verksemd har ansvar for det daglige vedlikehald som beskrive i brukerkontrakten.

Ved skade eller behov for ekstraordinært vedlikehald har verksemda ansvar for å melde frå til kulturavdelinga i kommunen. Ved skade skal kunstnar informerast og konfererast med i høve til reparasjon av skade eller eventuelle restaurerings- og konserveringsmessige

inngrep. Etter overtaking vert kunstverka forsikra og sikra i høve til kommunen si gjeldande forsikringsavtale.

3.5. Endring, flytting eller øydelegging

Kunstutvalet, representert ved dei faste medlemmane, tek avgjersler ved behov for flytting av kunst, endring av bygningsmassen, omgjevnadane kring kunsten, riving av bygg eller liknande kor det er plassert kunst gjennom denne ordninga. Ved endringar som nemnt ovanfor skal kunstnar kontaktast i rimeleg tid før endringa skal gjennomførast i høve til Åndsverkloven § 49.

4. Rullering

Retningslinene vert evaluert og revidert i 2024.